

## HØYRINGSSVAR FRÅ LANDRO SOKNERÅD I BJØRGVIN BISPEDØMME

### HØYRING: REGLAR TIL VAL AV SOKNERÅD, BISPEDØMERÅD OG KYRKJEMØTET

#### **Innleiing**

Soknerådet i Landro har teke opp høyringa på møtet 23 mai 2017. Dokumentet er skriva med bakgrunn i diskusjonen i soknerådet, og gjer nokre innspel til høyringa.

Dette høyringssvaret følgjer disposisjonen i høyringsnotatet «Forslag til nye regler for valg av menighetsråd, bispedømmeråd og Kirkemøtet, kortversjon».

#### **DEL 1**

Soknerådet ser det som tenleg av regelsetta for sokneråd og bispedømmeråd/kyrkjemøtet vert sett saman til eitt sett med reglar.

#### **DEL 2**

##### **2.1 Direkteval eller kombinasjonsval**

Soknerådet er mest positive til å vidareføre ordninga med *kombinasjonsval* – kanskje i alle bispedømme. Direkteval kan framstå som det mest demokratiske, ved at alle kyrkjemedlemmar kan stemme direkte på kandidatane. Det vil dessutan slå positivt ut for folketette område. Men det vil samstundes vere begrensa kor mykje informasjon ein kan formidle om dei enkelte kandidatane, slik at det enkelte kyrkjemedlem kjenner seg informert nok til å foreta eit val. Dette blir forsterka dersom ein skal stemme på mange kandidatar. Kandidatane har tidlegare framstått ganske like, og soknerådet er tvilande til at det vil bli vesentleg endra i framtida. Dersom det blir fleire lister frå ulike «fraksjonar» kan det bli lettare for veljarane å setje seg inn i kva ein vil stemme på. Det kan gjer direkteval meir aktuelt. Men indirekte val er ganske vanleg både i politisk samanheng og i den verdsvide kyrkja, og representerer ikkje i seg sjølv eit demokratisk problem. Soknerådet ser dermed at ei kombinasjonsordning kan ivareta begge desse hensyna.

Soknerådet er usikre på om det er hensiktsmessig å ha ulike ordningar i dei ulike bispedømme. Det kan framstå rotete at enkelte bispedømmedelegasjonar er klare før andre. Soknerådet heller til at ei sams ordning med kombinasjonsval i alle bispedømme er det beste.

##### **2.2 Fleirtal og forholdstalsval**

Soknerådet ser det som ønskeleg at det er ei ordning *med nominasjonskomite og samtidige fristar*. Denne ordninga blir ganske lik valordninga for sokneråd. Det er tenleg av pedagogiske grunnar.

Soknerådet synest at nominasjonskomiteen i dagens ordning har vèl stor påverknadskraft. Samtidige fristar vil gje alle ein gitt frist å forhalde seg til. Stabile «interessegrupper» eller

«parti» veit då at dei må stille liste innan ein gitt frist, og kan spørje kandidatar ut frå dette. Slik kan det skape ein stabilitet i ulike fraksjonar. Ulike fristar vil kunne gje problemet med at enkelte som står på nominasjonskomiteen si liste – heller ville/burde stått på lista til eit «parti», men stilte på lista til nominasjonskomiteen, ettersom det ikkje var klargjort at «partiet» skulle stille liste. Det kan dermed skape ustabilitet for grupper som vurderar å stille lister. Samtidige fristar er den mest ryddige ordninga.

Soknerådet er uroleg for å gå bort frå ordninga med nominasjonskomite. Det er viktig at ulike fraksjonar får høve til å stille egne lister. Men ei ytterlegare politisering av dei kyrkjelege vala ynskjer ikkje soknerådet. Polarisering og politisering av dei kyrkjelege vala har bidratt til splitting og uro lokalt. Ei ordning der ein utviklar ulike «kyrkjeparti» på permanent basis med egne valkampar i ulike bispedømme «ala» det politiske systemet, er soknerådet kritiske til. Mange kyrkjelydar i DnK er små og sårbare forsamlingar som samlar menneske med ulike ståstader i kyrkjepolitiske stridsspørsmål. Eit valsystem som legg opp til ytterlegare fraksjonering vil vere lite tenleg for kyrkja som trusfellesskap. Mange av sakene som er oppe til behandling i bispedømmeråd og kyrkjemøte er heller ikkje eigna for politisk fraksjonering – men handlar om å «få ting gjort». Soknerådet er redd for at det dermed kan bli eit overdimensjonert fokus på saker som verkar kyrkjesplittande - for å få dynamikk og engasjement rundt valet. Ei ordning utan nominasjonskomite kan også medføre at eit bispedømme blir ståande med ei liste – som berre representerar ein fraksjon ved valet.

Nominasjonskomiteen bør forøvrig sikre eit mangfald av synspunkt, og representere breidda i kyrkja slik at behovet for sjølvstendige lister framstår noko avgrensa.

## **2.4 Personvalreglar**

Soknerådet meiner at nominasjonskomiteen si makt er noko høg. Det bør difor innførast ei ordning der det er høve til å stryke kandidatar.

Det bør vere høve til å gjere personval internt på listene. Ei evt. sperregrense bør ikkje vere for høg – 5 prosent.